

SYKKYLVEN RUNDT 2012

Velledalen Idrettslag og Sykkylven sykkelklubb i samarbeid med Brøvøllsfestivalen inviterer til stafetten *Sykkylven rundt* laurdag 30. juni 2012 kl. 12.00.

Start og målgang på Dalemyra stadion i Velledalen (ved Grendahuset/skulen), Sykkylven kommune i Møre og Romsdal.

Stafetten inngår i Brøvøllsfestivalen, som startar fredag og avsluttast laurdag.

Løypa er ca. 50 km fordelt på 12 etappar med ulike aktivitetar:

5 sykkeletappar (2 på asfalt)

5 løpsetappar

1 padleetappe.

1 etappe hesteskokasting.

På fyrste og siste etappe er det krav til alder under 12 år. Dette er to korte løpsetappar på 500-800 m. Elles ingen krav til alder eller kjønn.

Stafetten går ein rundtur (motsols) rundt Fjellsætra langs asfalt- og grusvegar. Ved Fjellseter Ungdomssenter er det ein padleetappe (kano). 11. etappe er hesteskokasting. Elles sykling og løp.

Høgdeforskjell mellom lågaste og høgste punkt er ca. 390m. Mykje av klatringa skjer på andre og tredje etappe. Femte etappe har det meste av unnabakkane, men etappen er og den lengste.

Laga må sjølv transportere deltakarane til/frå sine respektive vekslingsfelt, men vil om nødvendig få følgje av følgjebil. Løypevaktene vil og ha nokre ledige plassar i sine bilar.

Deltakaravgift kr. 500 pr. lag betalast løpsdagen.

Syklistar som ikkje har lisens, kan løyse eingongslisens ved start.

Påmelding til Terje Aurdal: tausport@gmail.com Tlf. 918 66 226 innan 23.06. |

Premiar til dei tre beste laga – og til alle barna.